

## Retningslinjer for Etne Kommune sitt Næringsfond

### § 1 Føremål

Føremålet med fondet er å fordela avkastninga slik at dette gir best mogleg næringsutvikling og verdiskaping i Etne Kommune.

### § 2 Stønadsvilkår

Tildeling skjer som tilskot.

Det skal ved tildeling leggjast hovudvekt på føremålet, men også:

- ... om tildelinga vil bidra til etablering av nye arbeidsplassar
- ... om tildelinga vil bidra til kopling mellom utdanning og næringsliv, t.d. læreplassar
- ... om tildelinga vil bidra til å skape kompetansesarbeidsplassar
- ... om tildelinga vil bidra til forskning, innovasjon, nyskaping og utvikling

Det skal ikkje gjevast tildeling til:

- ... gjeldssanering eller å berga konkurstruga bedrifter
- ... tiltak som bidrar til utilbørleg konkurransevriding i det lokale næringslivet
- ... midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder

Mottakarar kan vera:

- ... Etablerte bedrifter i Etne Kommune
- ... Etablerande bedrifter i Etne Kommune
- ... Geografiske eller bransjemessige næringsklynger
- ... Fellesinteresser som næringsareal eller infrastruktur
- ... Interkommunale samarbeidsprosjekt og -selskap

### § 3 Søknadsprosess

- ... søknadar vert sendt Etne Kommune.
- ... Innkomne søknadar vert handsama to ganger årleg etter nærare gitte fristar
- ... Næringsstyret ved Formannskapet i Etne Kommune er vedtaksorgan for næringsfondet
- ... Etne Næringsutvikling SA gir uttale til Etne formannskap i forkant av tildelingar

### § 4 Forvaltning

- ... Etne Kommune sitt Næringsfond består av årlege midlar frå kraftinntekter til kommunen
- ... udisponerte midlar skal overførast neste kalenderår

## **§ 5 Generelle retningsliner**

Desse retningslinene for Etne Kommune sitt næringsfond er eit supplement til dei generelle retningslinene for næringsfond, gitt av Kommunaldepartementet i rundskriv H-2/90 og H-3/90, og må liggja innanføre desse rammene.